

## KAPITTEL 2

# KORLEIS ETABLERE URBAN ORDEN I EIN NY BY?

Steinar Aas

### Innleiing

I perioden 1998–2001 arbeidde eg med Narviks historie. I samband med arbeidet kom spørsmålet om korleis ein skaper urban orden i ein ny by opp. I løpet av fire år, mellom 1898 og 1902, kom det nemleg til cirka 4 500 menneske i det området som seinare romma byen. Spørsmålet om urban orden vart ikkje den gong behandla samla, men med denne artikkelen søkjer eg å gjere det. Vi skal særleg sjå nærmare på korleis lokalsamfunnet fann repressive tiltak for å etablere sosial kontroll av dei som skulle bruke byrommet dagleg, som besøkande og innbyggjarar, og då særleg korleis byborgarane som etablerte den sosiale kontrollen, i stor grad slutta opp om tiltaka trass i klassemotsetnader, kjønnskille og ideologiske og politiske skiljelinjer. Komparasjonen med andre liknande byar er dessutan raffinert ytterlegare, og studiet av bruken av barnevernet er også sett komparativt.

### Ny by i Nordland

Hos Statistisk sentralbyrå har det etter kvart blitt ført statistikk over tettstader i Noreg, det vil seie stader der folk bur meir urbant eller tettare og er fleire enn på landsbygda, og der dei i tillegg lever av yrker som ikkje er dei tradisjonelle primærnæringane, men av handel og service, administrasjon eller industri.

Slike stader kom særleg til i landet vårt frå 1800-talet og på starten av 1900-talet, og dei skapte nye utfordringar. Mot slutten av 1800-talet var det meir enn 500 kommunar i Noreg. I Nordland var det då éin juridisk by etablert, Bodø, og i løpet av første halvdel av 1900-talet kom det til fleire stader som fekk status som «kjøpstad» eller «ladested». Det vil seie at dei skulle styrast av eit folkevalt organ regulert av formannskapslovene for byane. Dei var administrative byar. Steinkjer og Namsos hadde fått slik status i tida mellom 1837 og 1865, mens det i tidsrommet kom til nye kjøpstader/ladestader i Mosjøen, Harstad, Svolvær, Mo i Rana og Brønnøysund i tidsrommet 1865–1930 (Thornæs 1999).

Narvik var ein av desse byane, som i løpet av fire års anleggsfase vart nær like stor som Bodø, nærmast over natta. Byen skulle fungere som nettverksby for den svenske eksporten av jernmalm til kontinentet, der industrien i særleg Ruhr-gebiet i Tyskland var avhengig av svensk jernmalm (Aas 2001: 82–85). Årsaka til plasseringa av denne «svenske» hamnebyen på norsk side av grensa var at den låg nærmare malmfeltet i svensk Lappland, og at Bottenviken er islagt store delar av året. I etableringsfasen var det fleire utfordringar knytt til urban orden. Med eit sterkt behov for arbeidskraft i anleggsfasen og manglande infrastruktur for å handtere den stadige straumen av menneske mellom anlegget og omlandet var stoda både omskifteleg og uoversiktleg. Mobiliteten var stor, og samfunnet mangla både uformell og formell sosial kontroll. Mellom anna var det nokså vilkårleg korleis ordensmakta og andre reguleringar verka. Området var prega av høg kriminalitet, særleg knytt til valdsbruk i kombinasjon med fyll og uregulert alkoholomsetning. Prostitusjon såg også ut til å ha vore utbreidd, og mytiske førestillingar om denne «syndens pøl» nådde stadig ut til offentlegheita gjennom presseoppslag og seinare i skjønnlitterære samanhengar (Ytreberg [1954] 2002; Johansson 1999). Myten om rallarkokka «Svarta Bjørn» og anleggsamfunnet «Rombaksbotn» er mellom dei sidene ved arven etter anleggstida som vitnar om fyll, bråk og ugreie (Aas 2001: 53–57). «Rallarkulturen» har gjerne vore ein merkelapp brukt om denne tilbakelagte fasen i norsk og svensk felles historie og kultur. Tidsepoeken har vore kalla «kapitalismens frigjørende fase» i og med at mange av dei som reiste på slike anlegg, reiv seg laus frå gamle stavnsband og sosiale og kulturelle strukturar i dei tradisjonelle samfunna dei kom frå (Bull 1981). Det var også gjerne unge menneske som drog, og som igjen skulle bygge denne nye byen. Det skapte igjen ein ny frigjerande dynamikk utafor tradisjonell

sosial kontroll i det tidlegare lokalsamfunnet. Borte var onklar og tanter, far og mor, og den gamle strukturen med sosiale og økonomiske hierarki mellom sjølveigande og husmenn, handelsmenn og fiskarbønder, var erstatta med byen sine upersonlege band.


Unge kvinner og menn var såleis meir integrert i ein kapitalistisk økonomi der arbeid vart betalt ved godtgjering og lønn, gjerne i meir upersonlege relasjonar. Redaktøren Michael Puntervold (1903: 21) i arbeidaravisa *Fremover* i Narvik kalla byen «et barn av den moderne tid», denne «Norges yngste søn». Byen likna ikkje «de sædvanlige smaabyer langs kysten» med «gamle og nye kvarter» om ein annan. Her var alt nytt. Ingenting peikte tilbake. Alt peikte framover. Småbyen med sine cirka 5 000 menneske var dessutan utrusta med «en verdensbys hele maskineri», eit hamneanlegg og tilhøyrande dominerande industriområde som stod i ein «næsten latterlig modsætning» til den vesle byen tilknytt anlegget (Puntervold 1903). Byen var «amerikansk og dog norsk» og hadde to i seg til å bli storbyen i landsdelen. Puntervolds optimisme la ikkje skjul på at urbaniseringa i landet hadde gått sakte, særleg i nord, for det ville vere plass til ein framtidig «storby der nord», og han såg for seg at det kunne bli Narvik.

## Sosiale utfordringar i ein ny by

Mange sider ved bylivet handla om ein sosialpolitikk som først og fremst tok sikte på å rydde opp i uheldige forhold. Dette var byfenomen meir enn bygdefenomen, og allmenne oppfatningar om byar var at dei hadde mange fleire kimar til problem og spenningar enn dei meir kontrollerbare og statiske bygdesamfunna. Her var mellom anna fleire spenningar mellom moral og umoral, mellom uorden og sivilisering, mellom sosialt forfall og sosial kontroll. Det er særleg det som skjer «offentleg» som har vore studert, så som «gata» og det denne har blitt assosiert med av moralske meiningsinnhald og kulturelle kodar. Mange negative oppfatningar har vore nemnt i så tilfelle: «Gata symboliserte styggedom, storbyforhold, mørke kvelder, dårlig kameratskap, røyking, 'laddevinsfyllder og tiltagende lidderlighed' i portrommene, kriminalitet, hærverk, barneforestillinger på varieteer, slette filmer, basarer, lotterier og fristelser», har Knut Kjeldstadli (1990: 419) skrive om Oslos historie. Også i Narviks historie kjenner vi forteljingar om uro, kriminalitet, slåsing og fyll, både frå Rombaksbotn under anleggsperioden, men òg i Narviks

unge år var byen prega av fyll og bråk. Historikaren Nils A. Ytreberg (1953: 427–429) meinte spritsmugling auka i omfang. Det same gjorde prostitusjon og kriminalitet frå 1902. I januar 1901 skreiv til dømes Ofotens Tidende om ein mann som kom trekkande på ein kjelke med ein smørbutt gjennom byen ein stille laurdag morgon. Då han passerte ein mann på vegen, trakk han så ein skarpladd revolver og avfyrte eit skot mot smørbutten. Lokalavisa meinte folk måtte slutte med slikt, og at ein skarpladd revolver «i grunden slet ikke er noget legetøj» (Ofotens Tidende 7. januar 1901). Påska 1901 var det også gjort beslag i 36 liter rein sprit etter ein fest blant tilreisande arbeidarar frå Indre Troms. Påskehelg og arbeidskvile førte til livleg festing (Ofotens Tidende, 6. april 1901). Andre døme på lovause tilstandar finn ein året etter, då tjuvar braut seg inn og stal og drakk opp store delar av øl-lageret til ein butikk i byen, før politiet fekk tatt hand om tjuvane og resten av ølet (Ofotens Tidende 3. februar 1902). Hausten 1903 gjekk ein forbipasserande nattevandrar laus på nær alle dei nyplanta trea som var planta for å forskjønne Gate 1 i byen, røska dei opp og kasta dei ned i skogen nedfor paradegata. Berre nokre dagar seinare vart ein gut hardt skadd etter eit overfall med flaske som våpen. Guten vart funnen på morgonen etter overfallet (Fremover 3. oktober 1903). Ei laurdagsnatt i 1904 vart det kamp mellom to svenskar på ein kafe i byen, der den eine til slutt losna to skot inne i kafeen. Det eine skotet ramma tinningen til ein av dei, som stod i fare for å miste synet på eitt auge (Fremover 27. juli 1904). Døma på valdsbruk, fyll og spetakkel er med andre ord mange frå Narviks barndom. Korleis gjekk det så med kriminalitetsutviklinga i Narvik etter at staden vart by?

Ser ein på arrestprotokollane frå Narvik, går det tydeleg fram at det skjedde forbetringar i kriminalitetsutviklinga frå 1902 til 1914. Frå toppåret 1903 gjekk det berre to år før byen hadde fått ned talet på arrestasjonar. I 1905 var talet berre 1/3 av 1903. Noko av det første som skjedde då byen vart styrt etter formannskapslovene, var innføringa av politivedtekter i mai 1902. Dei skulle vere regler for «iagtagelse af orden og velanstendighed paa gader» (Narvik bystyre 1902, sak 57). Malen var henta frå Bodø, og inspirasjon vart dessutan henta frå andre byar (Kaldal 1997: 15). Med vedtektene måtte dei som eigde våpen, ha særskilt politiløyve for å skyte med «kanon, gevær, pistol eller lignende skydevåben». Det kunne rettnok skje under militær kommando, i privat portrom eller innafor ein gard, men regelen førte det bort frå gata (Narvik bystyre 1902, sak 57, 1. kapittel). Ein av støttene i byen uttalte



Figur 1. Arrestasjonar Rombaksbotn/Narvik 1900–1914. Kjelde: Statsarkivet i Trondheim, Narvik politikammer, Arrestprotokollar 1900–1914.

at dei etterlengta vedtektene skulle vere «tømme og bissel» for byen, og slik tygle og styre bylivet (Ofotens Tidende 1. juni 1902). Dei skulle normalisere samfunnet og skape offentleg ro og orden (Narvik bystyre 1902, sak 57, 1. kapittel).

Politivedtektene regulerte mange element i byen og vitnar om kva befolkninga såg på som visjonar for orden og omgang mellom folk i byrommet, korleis befolkninga i byen ideelt sett skulle opptre offentleg, men òg kva tvangsmiddel styresmaktene hadde for å oppnå det. Slagsmål, «skrigen eller anden adfærd» var uønskt. Det same gjaldt forstyrning av offentleg orden eller krenking av «velanstændighed». Omreisande musikantar, kunstnarar eller omreisande seljarar fekk regulert si verksemd ved løyve. Det same gjaldt ferdsele til fotgjengarane på gater og fortau. Dei skulle «vige af til høire». Byen fekk reglar for alkoholbruk. Det skulle ikkje skje inntak av «berusende drikkevarer» på offentleg gate «eller i aabent mod gaden vendende portrum». Heller ikkje vart det lov på «ubebygget tomt eller gaardsrum», sjølv etter løyve frå festaren eller eigaren (Narvik bystyre 1902, sak 57, 1. kapittel). Her vart bystyret stoppa av Justisdepartementet, som forklarte at dei ikkje kunne regulere privat eigedom. Vedtektene kom så i retur med påpakning om å endre dei, noko som bystyret reagerte sterkt på. Dei heldt oppe sitt opphavlege punkt og ville regulere ukontrollert festing i byrommet på privat grunn hardare enn lova tilsa (Narvik bystyre 1902, sak 132).


Offentleg dans vekte òg strid. Ein borgar reagerte på at bystyret vedtok å forby «offentlig dans og give offentlige forestillinger og koncerter» på 1. juledag, skjærtorsdag, langfredag, påskeaftan, Kristi himmelfartsdag og 1. pinsedag. Innvendinga forsterkar inntrykket av strengare vedtekter enn nødvendig, skreiv han og la til: «Paavis mig en eneste by eller herreds representantskab i hele Norges land, som har villet ha en saadan bestemmelse ind i sine politivedtekter, andre end Narviks» (Ofotens Tidende, 29. mai 1902). Justisdepartementet fann ingen grunn til å kommentere punktet (Narvik bystyre, 1902, sak 132).

Bystyret i Narvik valte altså strengare forholdsreglar enn nødvendig og ga også slik eit signal til det lokale politiet om strengt tilsyn med handhevinga av dei. I november 1907 spelte to sjømenn trekkspel i gatene ved åttetida. Dei fekk ti kroner i bot, og politiet fekk støtte frå arbeidarpartiavisa Fremover (5. november 1907) i at konserten var eit «overtramp». I andre saker vanka det derimot kritikk mot eit strengt og urettferdig politi. Ein nattpatruljerande politi – ein brannkonstabel – arresterte ein matros på ein besøkande båt. Politiet vart skulda for å bøtelegge og arrestere han på sviktande grunnlag, provosert fram av konstabelen sjølv. Ein observatør karakteriserte hendinga som «lidet tiltalende». Her vart «en stille matros» på veg ned mot kaiene provosert av konstabelen (Fremover, 13. juli 1907).


Vart bylivet meir ordna med vedtektene? Kriminalitetsstatistikken utarbeidd på bakgrunn av arrestprotokollane (1900–1914) er eintydig. Talet på arrestasjonar gjekk sterkt ned i tida 1902–1905. Frå årleg snitt mellom 1903–1905 på over 300 arrestasjonar var snittet blitt 77,3 arrestasjonar mellom 1906–1911. I tida mellom 1900 og 1914 var kriminalitetsutviklinga eintydig positiv, og sjølv om tala steig i 1912 og fram til 1914, nådde ein aldri nivået frå før Narvik vart by. Politimaterialet fortel også at det skjedde ei endring i lovbrotsmønsteret etter at bystatus var gitt. I toppåret 1903 var til dømes 72 prosent av arrestasjonane grunna drukkenskap og alkoholrelatert uorden. I botnåret 1908 var derimot «løsgjengeri» den hyppigaste arrestasjonsgrunnen. Berre fem arrestasjonar skjedde på grunn av drukkenskap (Arrestprotokollar Narvik politikammer, 1900–1914).

Når lausgjengarlovbrota relativt sett auka frå 1902 til 1908, vitnar det om ei streng handheving av ferdsele i gatene. Under anleggsperioden var omreisande og rallarar eit uromoment. No var den nye sjøfartsbyen full av sjøgutar. Nils Astrup, legen i byen, var tidleg opptatt av spørsmålet, der han

i si årlege medisinalberetning (Narvik 1910, pk. 520) peikte på Narvik som den særmerkte kombinasjonen av ein arbeidar- og sjøfartsby. Han meinte arbeidarbefolkninga i byen gjennomgåande var «flittige, oplyste og ædruelige




Figur 2. Årsaker til arrestasjoner i Narvik i 1903. Kjelde: Statsarkivet i Trondheim, Narvik politikammer, Arrestprotokollar 1900–1914.



Figur 3. Årsaker til arrestasjoner i Narvik i 1908. Kjelde: Statsarkivet i Trondheim, Narvik politikammer, Arrestprotokollar 1900–1914.

mennesker», og at fleirtalet av denne var sosialistar og totalistar. Sjøfolka derimot stod som motstykke til denne – i hans auge – respektable arbeidarbefolkninga. Dette var eit stadig tilbakevendande perspektiv hos Astrup når han skreiv om forholda i Narvik. No førte auken i skipstrafikk til at sjøfolka stadig gjorde seg meir gjeldande i byrommet (same stad). Dette var ikkje berre greitt, all den tid desse var «lettlivede hurragutter», som rangla med byen sine «løse fugle», drakk og slost. Han meinte at desse «spetakelmakerne» stod for 95 prosent av all gateuorden i Narvik (Med.innb. Narvik 1910).

I 1915 bygde Trafikaktiebolaget Grängesberg-Oxelösund (TGO) – eigaren av Luossavaara-Kiirunavaara Aktiebolag (LKAB) – ferdig ein sjømannsheim i Narvik med plass til 34 sjømenn. Heimen hadde siviliserande og disiplinerande ambisjonar, klart uttrykt av leiinga i TGO (Styreprotokoll 1914: 3715–3716). I eit seinare intervju i Ofoten Folkeblad (23.5.1938) med bestyrarinna på Sjømannshjemmet stadfesta ho kva rolle heimen spelte i å fremme ein «meget streng» disiplin, «i all sin mildhet». Brot på alkoholforbodet til heimen førte først til ei skriftleg åtvaring, og dersom det ikkje hjelpte, vart vedkommande automatisk kasta ut og fekk ikkje bu der før etter ei ny sjøreise.



Figur 4. Drukkenskapsarrestasjoner pr.1000 innb. i Bodø, Narvik og Tromsø 1901–1915. Kjelde: NOS, VI. 78, Drukkenskapsforseelser 1913–1915, Kristiania 1916.


[https://www.ssb.no/a/histstat/nos/nos\\_vi\\_078.pdf](https://www.ssb.no/a/histstat/nos/nos_vi_078.pdf)

Losjiet der var billegare enn hotell og pensjonat og maten rimelegare, noko som var ei gulrot for å få sjøgutane til å oppføre seg respektabelt. Storparten av sjøfolka i Narvik var tilsett i TGO-reiarlaget Luleå-Ofoten, men for dei som ikkje var tilsett der, men venta på hyre i Narvik, vart kontrollen av sjøfolka overlata til brannkonstablane i byen, som patruljerte på kvelds- og nattetid, og det lokale politiet naturlegvis.

## Streng alkoholregulering gir resultat

Det er sjølvsagt mange grunnar til at eit lite bysamfunn blir velfungerande. Ser ein på Narvik samanlikna med nabobyane på om lag same storleik, Bodø og Tromsø, ser ein særleg korleis det å få kontroll på alkoholomsetninga var ein nøkkel til suksess. Narvik låg like etter anleggsperioden og byetableringa i 1903 svært mykje høgare på statistikken kva drukkenskapsarrestasjonar gjaldt, men vedtak om totalforbod mot alkoholsal i byen ga raskt resultat. Heilt fram til 1934 gjaldt den strenge alkoholpolitikken, der vin, sprit og sterkvin var uråd å få kjøpt (Ytreberg 1954: 147). Berre øl var lovleg å selje på visse butikkar. På restaurantar og kafear gjaldt totalforbodet heilt fram til 1934. Som statistikken syner, var det dermed berre kring 10 arrestasjonar grunna drukkenskap årleg per 1000 arrestasjonar i Narvik, mot langt større vanskar i Bodø og Tromsø, der det fanst kommunalt samlag, det vil seie alkoholutsalsstad for drikke med høg alkoholprosent. På det viset fekk også Narvik tygla sjøfolka som ville ønskt seg eit besøk på etablissement i byen, noko byar som Tromsø og Bodø i motsetnad til Narvik hadde flust av vanskar med. Sett i høve til den store skipstrafikken i Narvik er dette oppsiktsvekkande. Byen kunne ha 10–20 skip liggande på redan til kvar tid i påvente av lasting frå malmanlegget, noko som igjen medførte fare for nattlege besøk av mannskap om bord i skipa.

Ser ein på kor mange av arrestantane i Narvik som er utanbys, ser ein også korleis tala er langt lågare enn for hamnebyar med ein del skipstrafikk, som Namsos (trelasteksport og lokalfart) og Bodø (fiskeeksport og lokal- og regional fart). Med mangel på skjenkestover og kafear der gjestande kunne finne underhaldning, passiviserte ein truleg sjøfolka frå å slå seg laus i malmbyen.



Figur 5: Utanbys innbyggjarar, andel av arrestasjonar (årleg snitt) i Bodø, Narvik og Namsos 1896–1910. Kjelde: NOS, VI, 63, Alkoholstatistik III. Drukkenskapsarrestationer i Norge 1896–1912. Kristiania 1916. [https://www.ssb.no/a/histstat/nos/nos\\_vi\\_063.pdf](https://www.ssb.no/a/histstat/nos/nos_vi_063.pdf)

## Rolla til lokale aktørar i siviliseringsprosessen

Historikaren Jan Eivind Myhre (2012: 154–160) har i si noregshistorie vektlagt rolla som organisasjonslivet i Noreg har hatt å seie for samfunnsutvikling, både når det gjeld statsutvikling og nasjonsbygging. Lokalt ser ein korleis fråhaldssaka og alkoholpolitikken spelte ei sentral rolle i å skape urban orden i Narvik. Det var særleg organisasjonane knytt til denne rørsla som mobiliserte grunnplanet i bysamfunnet for oppslutninga kring ein aktiv forbodspolitik i byen, og organisasjonane til fråhaldsrørsla var store i byen. Losje Narvik var den store fråhaldslosjen som både var ein organisasjon for å reise kunnskap om verknadene til alkoholen, skape oppslutning om totalavhald og i tillegg ein organisasjon av losjebrør som skulle støtte kvarandre i å leve opp til sitt personlege løfte om totalavhald. Dei var med andre ord både ein ideologisk og politisk organisasjon, i tillegg til at dei greip inn i daglegliva til folk og ga dei retning og støtte. Det personlege løftet som vart gitt, hadde slik ordlyd: «Vi undertegnede lover herved, ikke selv at nyde, give eller sælge til andre spirituosa eller dermed beblandet drik, undtagen det i sygdomstilfælde av læge anordnes»

(Storlosjemøtet i Narvik 15.–18. juli 1928). Ved brot på «avholdsløftet» stod du derfor også i fare for å skjemme deg ut ved at det vanka eksklusjonar og suspensjonar frå fellesskapet. Fleire av dei markante menn i byen var sjølv sagt å finne i losjen, som Narviks første ordførar, venstremannen O. Martinussen. Han var med i Det Norske Totalavholdsselskap, og sjølv om arbeidarrørsla hadde si eiga losje tilslutta Arbeidernes Godtemplarorden Verdandi, var mange av dei markante sosialistane også med der (Oslo 1958: 91).

Blant dei mest markante medlemmane i Losje Narvik fann vi Jacob Kuvaas (Ap) og Julius B. Olsen (Ap), begge vart høvesvis mangeårig rådmann og ordførar og stortingsmann. Medlemstalet til losjen gjekk frå ingenting til 400 medlemmer på kort tid (Storlosjemøtet i Narvik 15.–18. juli 1928). Dei som heldt til i dei frilyndte ungdomslaga som var knytt til partiet Venstre, heldt til i Bondeungdomslaget, som vart stifta i 1913. Og året etter hadde dei skipa kafeen Tøttavangen, som var møtestad for aktivitetar i regi av laget, drive saman med Narvik Totalistlag (Hveding 1956: 180–183).

Saka fekk brei politisk støtte også ved at arbeidarrørsla både var med i Losje Narvik og hadde sin eigen Verdandi-losje som var del av denne rørsla, og då Frelsesarmeen vart etablert og andre religiøse lag og foreiningar også tok opp fråhaldssaka og totalavhald, vart den sosialpolitiske alliansen mellom totalistar både breiare og sterkare. Dei politiske tiltaka som rørsla stod for, var éin ting. Dei moralske implikasjonane for dagleglivet til folk i byen ein annan. Samla sette denne rørsla ein standard for respektabilitet og sivilisasjon.

Dei lokale strategane stod også i ein nasjonal setting, som då landsmøta i Arbeidarpartiet på starten av 1900-talet også fekk representantar frå Narviks fråhaldsrørsla. Isach Øvergaard, redaktøren i arbeidaravisa Fremover, var med på landsmøta både i 1906 og 1909, og under landsmøteforhandlingane i 1906 kom han også med framlegg på landsmøtet om oppheving av det han karakteriserte som «indirekte» statsstøtte til brenneriverksemdar, og at partiet måtte legge til rette for det same som Narvik kommune hadde gjort: «arbeide for forbudslov som endeligt maal» (DnA, Landsmøteprotokoll 1906, 48). Øvergaard fekk rett nok ikkje gjennomslag for saka nasjonalt, så han trekte den tilbake, men la til under sitt innlegg då han kunngjorde det, at «rusdrikken ødela saa mange hjem og standset den enkeltes aandelige udvikling» (DnA, Landsmøteprotokoll 1906: 48). At fråhaldsspørsmålet var overmåte viktig for arbeidarpartirepresentant Øvergaard frå Narvik, kom også fram på siste dag av landsmøtet, då spørsmålet om den framtidige agitasjonen for viktige politiske saker kom opp. Her under-

streka Øvergaard sterkt at agitatorar som vart sendt ut i landet for å fremme sosialistiske saker, samstundes «kunde virke for afholdssagen». Øvergaard fekk støtte for framlegget sitt frå Jørg Berge, stortingsmannen frå bykretsen Bodø, Narvik og Tromsø, som Øvergaard hadde overtatt redaktørkrakken frå då han sensasjonelt vart valt inn på Stortinget etter stortingsvalet i 1903 (same stad: 70).

Det gjekk føre seg ei grunnplansmobilisering for å skape oppslutning kring siviliserande tiltak for urban orden. Folk måtte prøve å leve opp til fellesskapet sine krav om respektabilitet. Å leve eit respektabelt liv handla om å te seg «aktverdig», eller «skikkeleg», og i sosiale studiar har respektabilitet blitt brukt synonymt med omgrep som «ordentlegheit», som til dømes i Astri Andresens (2000: 42) studie av Bergen. I studiar av samfunnsforming har omgrepet vore sentralt fordi det rører ved korleis ordentlege folk skulle oppføre seg og ordne dei daglege gjeremåla, ved som i tilfellet med alkoholpolitikken å få bukt med tilstandar som truga samfunnsordninga. Omgrepet var òg sentralt i framveksten av den moderne sosialpolitikken, som i tida mellom 1800 og 1930 tok sikte på å skape ei forståing av velferd som eit universelt gode (Andresen 2002: 41).

For å nå tidleg inn i liva til innbyggjarane i byen vart ikkje losjane berre for vaksne, men også ungane vart med i egne organisasjonar som fremja saka. Losje Narvik fekk barnelosjen Støren, som vart ein av dei største i landet i sitt slag, med 200–300 medlemmar. I 1907 kom det til ein ny bydelslosje kalla Mimer, som også dreiv med kafedrift. Losje Narvik hadde dessutan det finaste møtelokalet i byen i sitt eige. Her var det første konsert- og kulturhuset i byen og offentlege forsamlingshus, med tilstøytande boksamling til biblioteksbruk.

Då Astrup, legen i byen, leverte sin rapport til Medisinaldirektoratet for den generelle samfunnstilstanden i Narvik i 1913, skreiv han:

Ædruelighetsforholdene blant byens fastboende befolkning er gjennomgående meget god. En del fyld merker man naturligvis, men det er da næsten alltid tilreisende, især sjøgutter, som viser sig beruset i byens gater. På ærlig vis kan man ikke få kjøpt et glas øl her i byen, selv ikke hotellene har ret til at servere øl og vin for sine gjæster. Gaukeriet flourer derfor, og særlig er der gatepikerne som opptrer som langere.

(Astrup, Med.ber. 1913, Narvik mai 1914)

## Bruken av verjerådet

Eit anna element som spelte ei viktig rolle i siviliserings- og disiplineringsprosessen var den lokale bruken av verjerådet, dåtidas barnevern, gjerne kombinert med eit anna kommunalt halvvegs folkevalt organ, nemleg skolestyret. Igjen kom dette frå bystyret, og for verjerådet sin del var utvalet dels samansett av kompetente rådgjevarar som legen, sorenskrivaren og presten, som stod for høvesvis medisinsk, juridisk og moralsk fagkompetanse, og folkevalde representantar, som stod for kunnskap om oppseding.

I 1908 rulla det opp ein injuriesak mellom fleire personar som hadde ulike meiningar om verjerådet sin praksis. Først og fremst kom ein viss dansk konsul, Sigurd Hammer, på banen med sin kritikk, og særleg var denne retta mot sorenskrivar, seinare forsvarsminister (V), Rolf Jacobsen (1865–1942). Jacobsen budde og hadde sitt kontor i den legendariske Capitol-garden midt i bydelen Oscarsborg i Narvik. I tillegg til å vere juridisk rådgjevar for verjerådet hadde han plass i formannskapet, og gjennom det fekk han ein periode som ordførar og ein som varaordførar. I perioden 1913–1918 representerte Jacobsen også Venstre i Nordland på Stortinget (Ofotens Tidende 29. november 1912).

Diskusjonen, som enda i rettsvesenet, er ikkje i seg sjølv så viktig, fordi det synte seg seinare at sjølve rettssaka om injuriar vart avvist av Høgsterett. Det viktige i denne samanhengen er å sjå korleis diskusjonen dreidde seg om synet på moral og korleis ein skulle skikke seg vel som familie, særleg med tanke på korleis samfunnet forventa seg at familiane levde respektable liv. Særleg handla det om oppseding av unge jenter, og konsekvensen av dette var at ein nytta barnevernsinstitusjonen aktivt overfor eigne innbyggjarar. Jacobsen stod for den strenge linja, og då han vart valt inn på Stortinget i 1912, meinte lokalavisa Ofotens Tidende (29. november 1912) at Jacobsen hadde «indgaaende kjenskab til befolkningens kaar». I nekrologen over Jacobsen i 1942 gjorde Godtemplarbladet (4. mars 1942) klart at han «helt til det siste [...] var på vakt overfor alt som angikk det offentlige varetakelse av edruelighetens interesser».

Værgerådsloven av 1897 var jo i si tid eit verkemiddel for å etablere respektable liv, særleg retta mot byane. Dåtidas barnevern hadde jo som mål å ta vare på «forsømte barn» eller ungar som var «særlig fordærvet», eller dei ungane som hadde synt «slet opførsel» som samfunnet eller skolen stod makteslaus overfor å korrigere. Anten kunne ein få omplassert ungen i ein

annan heim, som fungerte betre enn den han/ho budde i, eller dei kunne bli sendt til ein av kommunen sine barneheimar. I verste fall kunne dei sendast i strengare skoleheim, noko som stort sett var langt borte frå heimen (Aas 2001: 222).


Det var ein ambisjon å nettopp nytte den nyskapte lova til å «oppdra» barn i staden for å straffe dei, som ein hadde gjort tidlegare (Hagen, 1976: 8). For Narvik kommune var det tydeleg at rettssaka i 1910 fekk kvervla opp ein del grums knytt til korleis ein allment i byen handterte verjerådslova (Narvik Tidende 12.6.1908). Folk budde tett i den vesle byen og hadde nokså god oversikt over korleis dei levde sine liv. Var det naboar som høyrde korleis naboen levde, eller såg at der føregjekk ting i gardsrom eller utafor huset i seine nattetimar, kom det no opp under rettssaka. Her var det liten tvil om at bebruarane i byen kunne kontrollere og overvake utsida av levemåten til dei andre bebruarane i byen (Aas 2001: 232).

I 1907 hadde lokalavisene dessutan drive folkeopplysning om kva pisk som truga om det skjedde utglidingar i moralsk retning innafor rammene til familielivet. Desse var særleg retta mot dei som vanskjøtta oppsedinga til unge gutar og let dei gå utan rettleiing, kontroll og oppsyn, liksom andre «gategutar» (Narvik Tidende 3., 7., 10. og 14.7.1908). Artiklane handla om korleis dei strenge skoleheimane fungerte.

Statistikken over Narviks bruk av verjerådet er dessutan oppsiktsvekkande. Samtidas offentlegheit oppfatta også dette fenomenet. Saker som var til behandling av verjerådet i byen, var aukande og langt større enn nabobyar av lik storleik, der ein elles skulle vente seg at forholda var nokolunde like. Av figur 6 ser ein tydeleg at verjerådet i Narvik er både meir aktiv i å møte kvarandre og i viset dei behandlar saker på. Det er dessutan langt fleire barn under behandling av barnevernet i Narvik enn i nabobyen Bodø, som på dette tidspunktet var jamstor med malmbyen.

Gjennom rettssaka i 1910 får vi ein tydeleg peikepinn frå dei ansvarlege styresmaktene om korfor det var slik. Motivasjonen var nær den same som bakgrunnen for den restriktive alkoholpolitikken i Narvik, nemleg behovet for strenge preventive tiltak fordi byen var særleg farleg for kvinner. Legefru Edith Astrup hadde nemleg som medlem av verjerådet og busett i byen sett litt av kvart når det gjaldt aktivitet på gata av «piger og sjøfolk», og dei måtte derfor ta omsyn til «hvilken by Narvik var». Gjennom den saka som no var oppe og gjaldt ei 14 år gamal jente, var det liten tvil blant medlemmane i verjerådet. Jenta måtte bort,

og dei sende henne til Sletner skolehjem, som var ein skoleheim for «vanartede og sædeligt forkomne». I Narvik skulle ho ikkje vere, det var dei samstemte om. Til det var foreldra dessutan for «slappe og likegyldige» (Aas 2001: 226).



Figur 6. Verjeråda i Narvik og Bodø. Saker, møte og barn under tilsyn.

Kjelder: NOS V. 51, NOS V. 96, NOS V. 164, NOS VI. 15.

Narviks verjeråd syner ein aktiv praksis som også verka å vere avklart med ein allmenn opinion, liksom spørsmålet om ein restriktiv ruspolitikk. Om det var stemmer i det offentlege ordskiftet som uttalte seg om saker som gjaldt den allmenne moralen i byen, var det innlegg til støtte for den nokså repressive politikken til barnevernet i byen. Den lokale Høgre-avisa Ofotens Tidende engasjerte seg også. Emma Kjesbo, ein av skribentane i bladet, meinte at det var for mange opposisjonelle foreldre som undergrov dei gode moralske haldningane og dels kritiserte verjerådet for arbeidet sitt. Det hadde i sin tur innverknad på ungane, som fekk med seg foreldra sin kritiske innstilling til moralvaktarane. I og med at foreldra svikta slik, vart det livet i gata som vart arenaen for ungane, og der ferdast dei ukontrollert både dag og natt, ifølgje Kjesbo (Aas 2001, 236).

Frå arbeidarrørsla kom det derimot ein anna kritikk av verjerådet som særleg var retta mot den uheldige praksisen med å sende «vanartede» barn til slektningar på landet. Ein måtte kunne finne meir «moderne og humane»

metodar. Ein vêra òg at det låg ein underliggende kritikk mot verjerådet fordi det primært ramma familiar som levde under ustabile økonomiske og sosiale forhold. Fremover (13. april 1907) målbar mellom anna slike syn. Metodane ramma primært dei fattigaste i samfunnet, rett og slett fordi dei var fattige og ikkje klarte å halde oppe ein viss moralsk standard, og metodane ein så nytta, var gamle og avskyelege. Då saka om samansetninga av verjeråd kom opp att hausten 1907 i bystyret, var Arbeidarpartiet følgeleg blitt meir aktive i høve til verjerådet. Dei ville ha sine folk inn der, folk som kom frå arbeidarklassen, sidan det først og fremst var «arbeiderklassens børn» som var under rådet sin behandling. Kritikken vart særleg retta mot pastor Skar, men fekk òg støtte frå konservative representantar (Aas 2001: 237).

Som ein såg av statistikken over verjerådet sin aktivitet, såg det ikkje ut til at forholda endra seg med tanke på kor aktivt rådet vart etter at arbeidarklassen fekk inn sine folk i rådet. Talet på barn som var under behandling av rådet, heldt seg faktisk høgare i tida etter 1908 samanlikna med tida før. Det kan tyde på at forholda når det gjaldt sosiale forhold, var spesielle i den nye byen. Folk hadde blitt rista saman i ein urban struktur over relativt kort tid, langt unna gamle slektsband og sosial kontroll, slik dei var vane med i det tradisjonelle samfunnet dei kom frå. Det kan ha ført til meir turbulens og krise enn ønskt. Vi veit også at dei økonomiske forholda forverra seg for byen etter at han vart etablert, fordi mykje av anleggsarbeidet var over, og mange innafor byggesektoren vart ståande arbeidslause og fekk derfor ein svekka økonomi. Det er truleg at slike økonomiske faktorar også slo uheldig ut for oppvekstvilkåra til ungar i familiar med slik bakgrunn. Slik sett kunne straffa til verjerådet bli ei dobbel straff for dei mest marginaliserte familiane i den nye byen.

På den andre sida kan ein kanskje også sjå at synet på moral er klasseoverskridande. Det vil seie at synet på ordentlegheit, disiplin, sivilisasjon og orden var nokolunde felles for folk frå ulike sosiale lag.

## Lokal dugnad om skaping av urban orden

Om ein skal oppsummere kapittelet, kan ein seie at den vesle byen Narvik som vart etablert over fire år mellom 1898 og 1902, nokså raskt kom i ordna former. Grunnen til dette var ein felles innsats basert på ei felles problemforståing i sentrale sosialpolitiske spørsmål.

Når den politiske eliten så vel som det breie lag av folk i byen såg ut til å slutte opp om den felles strategien for korleis samfunnet skulle ordnast, kjem det både av at det føregjekk ein brei offentleg debatt om spørsmåla, men også av at det fanst viktige institusjonar som kunne bidra til denne debatten. Bystyret var sjølvsagt sentral med sine vedtak om ruspolitiske tiltak, noko dei var samstemt med sentrale embetsfolk og offentlege institusjonar om å handheve i tråd med vedtak. Prest, lege og sorenskrivar var alle del av denne forminga av samfunnet, som sjølvsagt også vart del av dei partipolitiske debattane, der kristenfolk, arbeidarrørsla og venstrefolk fann einannan i ei alkoholpolitisk samanslutning. Slik sett vart ikkje partipolitikk eit hinder for gjennomføring av dei ruspolitiske tiltaka, men heller ein garantist for oppslutning og aksept av den politiske linja som vart valt. Politiet spelte også ei sentral rolle i denne makt- og kontrollhandhevinga i dagleglivet til folket i byen.

Avisene i byen, uavhengig av politisk bakgrunn, hadde også den same problemforståinga når det gjaldt den sosialpolitiske kursen i byen, noko det offentlege ordsiftet bar preg av. Moraldebattar var daglegdags, og det synest med få unntak å vere gjennomgåande kritikk retta mot dei kreftene som ikkje slutta opp om å løyse det felles problemet. Andre sentrale institusjonar som var etablert for at kommunen skulle kunne hanskast med vanskane, vart også nytta aktivt. Ved sida av politisk valte representantar i skolestyret og verjerådet deltok bystyret aktivt i diskusjonane kring disiplin og sivilisering av byen.

Men til sjuande og sist er det viktig at befolkninga som bur i ein by, stiller opp om dei institusjonane og reglane ein har bestemt skal gjelde som standard for god moral. Det ser det ut som om befolkninga i byen må ha gjort, og det går ikkje an å undervurdere den verdien organisasjonslivet i ein by kan ha å seie for folkeleg oppslutning kring sosial kontroll. Særleg må den sterke stillinga til fråhaldsrørsla ha tatt brodden av det meste av kritikk mot den strenge alkoholpolitikken i byen dei første åra. Då var det nok meir uklårt om verjerådet klarte å spele ein samlande rolle i skapinga av urban orden. Kanskje vart ikkje det fullenda før dei lågaste laga av befolkninga såg at dei var del av den utøvande makta av verjerådet? Moralsynet ser det derimot ikkje ut til at dei hadde noko mot, kor mange dei enn var frå arbeidarklassen.

## Referansar

- 25-års kamp for folkeedruskap, Arbeidernes Avholdslandslag 1932–1958*, Oslo 1958.
- Andresen, A. (2000). Kvinner i moderne byers sosial- og kulturhistorie, i *Heimen*, bd. 37.
- Bull, E. (1981). Fra bøndenes og husmennenes samfunn til den organiserte kapitalisme, i Bull, E. (red.), *Retten til en fortid. Sosialhistoriske artikler*, Oslo-Bergen-Tromsø: Universitetsforlaget (s. 11–29).
- Det Norske Arbeiderparti (1906). *Landsmøteprotokoll 1906*.
- Fremover*, 3. oktober 1903; 27. juli 1904; 13. juli, 5. november 1907.
- Godtemplarbladet*, 4. mars 1942.
- Hveding, J. (1956). *Frilyndt ungdomsarbeid i Nordland. Eit 50-årsskrift*, Evjeberg.
- Johansson, J.E. (1999). *Rallarkockan Svarta Björn: legend och verklighet*, Rallarkyrkogården, 2. utg. Kiruna: Rallarfesten.
- Kaldal, I. (1997). *Veit og gate. Daglegliv i Midtbyen i Trondheim 1880–1950*. Trondheim: Fagbokforlaget.
- Kjeldstadli, K. (1990). *Oslo bys historie, bind 4, den delte byen fra 1900 til 1948*. Oslo: Cappelen Damm.
- Myhre, J.E. (2012). *Norsk historie 1814–1905*. Oslo: Samlaget.
- NOS, VI. 63 (1916). Alkoholstatistik III. Drukkenskapsarrestationer i Norge 1896–1912. Kristiania: H. Aschehoug. [https://www.ssb.no/a/histstat/nos/nos\\_vi\\_063.pdf](https://www.ssb.no/a/histstat/nos/nos_vi_063.pdf)
- NOS, VI. 78 (1916) Drukkenskapsforseelser 1913–1915, Kristiania: H. Aschehoug. [https://www.ssb.no/a/histstat/nos/nos\\_vi\\_078.pdf](https://www.ssb.no/a/histstat/nos/nos_vi_078.pdf)
- NOS, V. 51 (1907). Behandlingen av forsømte børn. Vergeraadens virksomhet, skolehjem og tvangsskoler (Lov av 6. juni 1896) 1904 og 1905. Kristiania: O. Fredr. Arnesens Bok & Accidenstrykkeri.
- NOS, V. 96 (1909). Behandlingen av forsømte børn. Vergeraadens virksomhet, skolehjem og tvangsskoler (Lov av 6. juni 1896) 1906 og 1907. Kristiania: O. Fredr. Arnesens Bok & Accidenstrykkeri.
- NOS, V. 164 (1912). Behandlingen av forsømte børn. Vergeraadens virksomhet, skolehjem og tvangsskoler (Lov av 6. juni 1896) 1908 og 1909. Kristiania: O. Fredr. Arnesens Bok & Accidenstrykkeri.
- NOS, VI. 15 (1914). Behandlingen av forsømte børn. Vergeraadens virksomhet, skolehjem og tvangsskoler (Lov av 6. juni 1896) 1910 og 1911. Kristiania: O. Fredr. Arnesens Bok & Accidenstrykkeri.
- Ofoten Folkeblad*, 23. mai 1938.
- Ofotens Tidende*, 7. januar og 6. april 1901; 3. februar, 29. mai og 2. juni 1902; 29. november 1912.
- Punternvold, M. (1903). Arbeiderpartiets historie i Narvik, i *Det Tyvende Aarhundrede* nr. 3–4.
- Storlosjemøtet i Narvik* 15.–18. juli 1927, Trondhjem 1927.

- Thornæs, G. (1999). Hva gjør en by til en by? Administrative og geografiske forhold ved byutviklingen siden 1837, i *Håloygminne*, 4.
- Ytreberg, N.A. (1953). *Narviks historie. Bind 1. Ofoten i eldre tid*. Narvik inntil 1914. Narvik.
- Ytreberg, N.A. (1954). *Narviks historie. Bind 2*. Narvik.
- Ytreberg, N.A. (1954). *Svarta Bjørn*. Oslo: Aschehoug.
- Aas, S. (2001). *Narviks historie. Bind 1. Byen, banen og bolaget*. Narvik: Stiftelsen Narviks historieverk.
- Kjelder:
- Narvik kommunearchiv:
- Narvik bystyres forhandlingsprotokoll fra 1902. Sak 57, 15.5.1902. 1ste kapittel. Nakom.
- Narvik bystyres forhandlingsprotokoll fra 1902. Sak 132, 27.10.1902. Nakom. Statsarkivet i Trondheim:
- Narvik politikammer, Arrestprotokoller 1900–1914. Riksarkivet i Oslo:
- Medisinaldirektoratet 1891–, Med.innb. for Nordland amt. Narvik 1910. Pk. 520. Svenske Riksarkivet i Arninge:
- Trafikaktiebolaget Grängesberg-Oxelösund, TGO-styreprotokoll for 1914.